



## **MØTEINNKALLING**

---

**Utval: Eldrerådet**  
**Møtedato: 04.05.2016**  
**Møtetid: 16:00 -**  
**Møtestad: Kommunehuset**

---

*Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling*

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no) ), som vil kalla inn varamedlem.

leiar av utval

**SAKLISTE**

<b>Saker til handsaming på møtet</b>			
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
001/16	16/438	Faste saker	
002/16	16/436	Eldreråd 2015-2019 - val av leiar og nestleiar	

<b>Oversikt faste saker</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li><li>• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte</li><li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li><li>• Utvalet sitt kvarter</li></ul>



## SAKSFRAMLEGG

<b>Arkivsaksnr:</b> 16/438	<b>Løpenr:</b> 16/3408
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Eldrerådet	04.05.2016	001/16	MS

### FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li> <li>• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte</li> <li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li> <li>• Utvalet sitt kvarter</li> </ul>

### Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Arkivsak	Dok.dato	Dok.type	Avs./mott.	Tittel/innhald
14/256	16.10.2015	U	Adresseliste	Melding om politisk vedtak - Høyring - Etablering av veg- og områdenamn for fritidsbustader
16/240	08.03.2016	X		Den kulturelle spaserstokken 2016
16/436	26.04.2016	X		Eldrerådet 2015 - 2019 oppgaver, møteplan m.m.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Håvard Ragnhildstveit	<b>Arkivkode:</b> FE-033
<b>Arkivsaksnr:</b> 16/436	<b>Løpenr:</b> 16/3403
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Eldrerådet	04.05.2016	002/16	HRA

## ELDRERÅD 2015-2019 - VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

---

**Dokument som er vedlagt:**

Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd

---

**Kva saka gjeld:**

Kommunestyret har valt medlemmer i Eldrerådet for perioden 2011 – 2015. Lov om eldreråd har følgjande føringar når det gjeld konstitueringa av eldreråd:

**§ 2. (Val og samansetjing av kommunale eldreråd)**

Kommunestyret avgjer kor mange medlemmer eldrerådet skal ha. Reglane om høvetalsval i §§ 36 og 37 i lov om kommuner og fylkeskommuner av 25. september 1992 nr. 107 gjeld ikkje ved val av eldreråd.

Pensjonistforeiningar har rett til å koma med framlegg om medlemmer til eldrerådet. Fleirtalet av rådsmedlemmene skal vere alderspensjonistar i kommunen.

**Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.**

Følgjande er valde til medlemmer i eldrerådet i Samnanger for perioden 2015 – 2019:

Medlemmer:	Varamedlemmer:
Solveig Vassenden (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Gunnar Bruvik (Frp)	Norvald Gjerde (Frp)
Oddbjørg Hisdal	Inger-Karin Totland
Solveig Sjursen	Karin Børdal Tveit
Bjørg Solvang	Anne-Mari Steinsland



## Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd [eldrerådslova].

Dato	LOV-1991-11-08-76
Departement	Arbeids- og sosialdepartementet
Sist endret	LOV-2007-06-15-21, LOV-2005-06-17-58 fra 10.09.2007
Publisert	I 1991 hefte 20
Ikraftredelse	01.01.1992
Endrer	
Kunngjort	
Kortittel	Eldrerådslova

---

### Kapitteloversikt:

Kapittel I. Kommunale eldreråd (§§ 1 - 4 a)

Kapittel II. Fylkeskommunale eldreråd (§§ 5 - 8 a)

Kapittel III. Ikraftsetjing (§9)

---

Sjå lov 17 juni 2005 nr. 58.

## Kapittel I. Kommunale eldreråd

### § 1. (Skiping av kommunale eldreråd)

I kvar kommune skal det vere eit eldreråd som skal veljast av kommunestyret for valperioden.

Departementet kan gjere unntak frå regelen i første leden når kommunen vil ha eldreråd for geografisk avgrensa område innan kommunen. I kommunar der oppgåvene som gjeld eldre er overført til kommunedelsutval, skal det vere eldreråd i alle kommunedelar. For slike eldreråd ivaretek kommunedelsutvala dei rettar og plikter som etter denne lov er lagt til kommunestyret. Eldreråd for geografisk avgrensa område skal ha same arbeidsområde som omhandla i § 3. I slike høve skal det og veljast eit sentralt eldreråd.

0 Endra med lov 15 juni 2007 nr. 21.

### § 2. (Val og samansetjing av kommunale eldreråd)

Kommunestyret avgjer kor mange medlemmer eldrerådet skal ha. Reglane om høvetalsval i §§ 36 og 37 i lov om kommuner og fylkeskommuner av 25. september 1992 nr. 107 gjeld ikkje ved val av eldreråd.

Pensjonistforeiningar har rett til å koma med framlegg om medlemmer til eldrerådet. Fleirtalet av rådsmedlemmene skal vere alderspensjonistar i kommunen.

Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.

0 Endra med lov 11 juni 1993 nr. 85.

### § 3. (Oppgåvene for kommunale eldreråd)

Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen.

Alle saksdokumenta skal leggjast fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar sakene.

Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre.

Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i kommunen. Protokollen frå rådsmøtet skal fylgje saksdokumenta til dei kommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

0 Endra med lov 15 juni 2007 nr. 21.

### § 4. (Andre føresegner for kommunale eldreråd)

Kommunen skal skipa høveleg sekretariathjelp for rådet.

Eldrerådet har rett til å uttale seg før kommunestyret skipar sekretariat, vedtek budsjett for rådet, og gjev utfyllande reglar for saksførehavinga i rådet.

Reglane i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner gjeld tilsvarande for verksemda i eldrerådet så langt ikkje anna går fram av denne lova.

Eldrerådet skal kvart år utarbeide ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret.

0 Endra med lov 15 juni 2007 nr. 21.

### § 4 a. (Skiping av felles råd med menneske med nedsett funksjonsevne)

Kommunane kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Kommunestyra vedtek mandatet for og samansetjinga av råda. Ved val av representantar for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal organisasjonane deira ha rett til å kome med framlegg. Leiaren og nestleiaren for rådet blir oppnemnde av kommunestyret. Elles gjeld reglane i denne lova og lov 17. juni 2005 nr. 58 om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. så langt dei høver.

0 Føyd til med lov 17 juni 2005 nr. 58, endra med lov 15 juni 2007 nr. 21 (i.kr. 10 sep 2007, etter res. 4 mai 2007 nr. 470).

## Kapittel II. Fylkeskommunale eldreråd

### § 5. (Skiping av fylkeskommunale eldreråd)

I kvar fylkeskommune skal det vere eit eldreråd som skal veljast av fylkestinget for valperioden.

### § 6. (Val og samansetjing av fylkeskommunale eldreråd)

Fylkestinget avgjer kor mange medlemmer eldrerådet skal ha. Reglane om høvetalsval i §§ 36 og 37 i lov om kommuner og fylkeskommuner av 25. september 1992 nr. 107 gjeld ikkje ved val av eldreråd.

Fylkespensjonistforeiningar har rett til å koma med framlegg om medlemmer til eldrerådet. Fleirtalet av rådsmedlemmene skal vera alderspensjonistar frå fylket.

Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.

0 Endra med lov 11 juni 1993 nr. 85.

### **§ 7. (Oppgåvene for fylkeskommunale eldreråd)**

Eldrerådet er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen.

Alle saksdokumenta skal leggjast fram for rådet i god tid før fylkestinget handsamar sakene.

Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre.

Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i fylket.

Protokollen frå rådsmøtet skal fylgje saksdokumenta til dei fylkeskommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

### **§ 8. (Andre føresegner for fylkeskommunale eldreråd)**

Fylket skal skipa høveleg sekretariathjelp for rådet.

Eldrerådet har rett til å uttale seg før fylkestinget skipar sekretariat, vedtek budsjett for rådet, og gjev utfyllande reglar for saksførehavinga i rådet.

Reglane i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner gjeld tilsvarande for verksemda i rådet så langt ikkje anna går fram av denne lova.

Eldrerådet skal kvart år utarbeide ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for fylkestinget.

0 Endra med lov 15 juni 2007 nr. 21.

### **§ 8 a. (Skiping av felles råd med menneske med nedsett funksjonsevne)**

Fylkeskommunane kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Fylkestinga vedtek mandatet for og samansetjinga av råda. Ved val av representantar for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal organisasjonane deira ha rett til å kome med framlegg. Leiaren og nestleiar for rådet blir oppnemnde av fylkestinga. Elles gjeld reglane i denne lova og lov av 17. juni 2005 nr. 58 om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. så langt dei høver.

0 Føyd til med lov 17 juni 2005 nr. 58, endra med lov 15 juni 2007 nr. 21 (ikr. 10 sep 2007, etter res. 4 mai 2007 nr. 470).

## **Kapittel III. Ikraftsetjing**

### **§ 9. (Ikraftsetjing)**

Denne lova tek til å gjelde frå 1. januar 1992.





Adresseliste

*Vår referanse:*  
14/256/15/7337/KUL/ASL*Arkivkode:*  
FA-L32*Dykkar referanse:**Dato:*  
16.10.2015**MELDING OM POLITISK VEDTAK - HØYRING - ETABLERING AV VEG- OG OMRÅDENAMN FOR FRITIDSBUSTADER**

Naturutvalet vedtok i sak 15/15 i møte den 18. februar at rådmannen skulle utarbeide eit framlegg til at fritidsbustader i Samnanger får vegadresse. For at alle fritidsbustader skal få vegadresse må det etablerast nye veg- og områdenamn.

Utval for oppvekst og omsorg vedtok i sak 13/15 i møte den 29. september å leggja framlegg til nye veg- og områdenamn for fritidsbustader i Samnanger ut på offentleg ettersyn med heimel i § 6 i Lov om stadnamn. Høyringsperioden er frå 15. oktober til 15. desember 2015.

Det er Lov om stadnamn som regulerer sakshandsaminga av nye veg- og områdenamn. Reglane for høyringa er først og fremst knytt til skrivemåten av namnet. Det er ikkje lovfesta rett til å kome med fråsegn på namnevalet, men Utval for oppvekst og omsorg har opna for at det er høve med å kome med fråsegn på namnevalet i tillegg til skrivemåten.

Lova er tydelig på korleis sakshandsaminga skal vera. Først skal namneforslaga vera på høyring i to månader, og så skal dei til namnekonsulenten på Vestlandet. Hjø namnkonsulenten må ein rekna med ei sakshandsamingstid på to månader. Etter denne prosessen vil veg- og områdenamna verta politisk handsama av Samnanger kommune.

Fråsegna skal sendast til:

Samnanger kommune  
Tyssevegen 217  
5650 Tysse

eller

[postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no)

I tillegg til å vera vedlagt, så ligg framlegget til nye veg- og områdenamn på [www.samnanger.no](http://www.samnanger.no).

Spørsmål kan rettast til kultursjef Arnved Soldal Lund, [arlu@samnanger.kommune.no](mailto:arlu@samnanger.kommune.no) eller 56 58 74 09/ 971 07 776.

Med helsing

Arnved Soldal Lund  
kultursjef

Vedlegg:

Framlegg til nye veg- og områdenamn - 21.9.15

Adresseliste høyring veg- og områdenamn for fritidsbustader

# Samnanger

– der du vil leva og bu



## Framlegg til nye veg- og områdenamn for fritidsbustader

62	Brekkedalen	Område: Dal i mellom Gullfjellet og Sauafjellet. Frå grensa til Os i vest til slutt på Sauafjellet i øst			Ny
63	Skreidalen	Område: Frå Jakthavnen til nord på Store Sundhaugen. Frå Sør på Store Sundhaugen øst til Sundvika			Ny
64	Mosatjørna	Område: Område rundt Mosatjørna, avgrensa av grensa mellom gr/br 5/2 og 8/2 mot Samnangervegen. Området strekker seg til gr/br 5/15			Ny
65	Langevatnet	Området: Avgrensa i nord av kommunegrensa mot Bergen, mot vest av Samnangervegen, mot aust av Revabakken og Halsen, og mot sør av Grasdalen.			Ny
66	Liøyna	Område: Austsida av Liahædda frå Senabrekka i nord til Nordodden i sør.			Ny
67	Fitjavatnet	Område: Rundt Fitjavatnet. Avgrensa i aust ved Tronivatnet			Ny
68	Breilia	Område: På sørsida av Breilia frå		Tar med seg fritidsbustad	Ny

# Samnanger

– der du vil leva og bu



		Steinslandsetret i aust til myr aust for Rødssetret		24/3	
69	Setrarinden	Område: Frå Setrarinden (rygg) og aust til Dyrhovden. Sør til slutten av ryggen.			Ny
70	Breivika	Område: Breivika i Kvitingsvatnet			Ny
71	Elvakrokane	Område: mellom Elvakrokane og øvre Hestagjeldet			Ny
72	Nedsta Dukavatnet	Område: Rund neststa Dukavatnet			Ny
73	Kvanndalsvatnet	Område: Rundt Kvanndalsvatnet			Ny
74	Helgelandsvegen (Høysetevegen alternativ 2)	Frå kryss i Høysetevegen ved Florhaugen	Til tun på Helgeland og vidare på sti til 33/108 på Leitet		Ny
75	Åsane (Høysetevegen alternativ 2)	Område: Frå Åsane til veg som er ligg i forlenging av Høysetevegen etter Haugen			Ny
76	Kuhaugen (Høysetevegen alternativ 2)	Område: Hyttefelt på Kuhaugen på Høyseter. Frå enden på veg som ligg i forlenging av Høysetevegen.			Ny
77	Hansahaugen	Veg frå Samnangervegen ved avkjøring til 34/176.		Gjeld ikkje bustadhus langs Samnangervegen som tidligare har fått adresse.	Ny
78	Jensahaugen	Frå Samnangervegen ved 34/225		Gjeld ikkje bustadhus langs Samnangervegen som tidligare har	Ny

# Samnanger

– der du vil leva og bu



				fått adresse.	
79	Leitet	Område: Frå Fossenbrattetunellen til og med 34/45 på nordsida av Samnangervegen			Ny
80	Holmane (alternativ 2)	Område: frå 37/72 og 37/59 i nord til 37/70 i sør. Vert avgrensa av Holmavegen i aust og		Tar ikkje med 37/4, men alle fritidsbustadane	Ny
81	Rabalhei	Område: Nordsida av Rabalhei. Frå Raunebottdalen i vest til kommunegrensa mot Kvam i aust. Avgrensa av Lona i nord			Ny
82	Stemmevatnet	Område: Rundt Stemmevatnet			Ny
83	Setralia	Område: Vest for 18/6 til Utgjeresetret, sør ved Utgjerdesetret, nord til Kalivatnet			Ny

Namn	Adresse	Postnr	Poststad	e-post
Samnanger Bondelag	v/ Anne Frøland			torolf-f@online.no
Samnanger næringsforum	Knut M Bjørnås			knut.bjoernaas@hotmail.com
Nordbygda ungdomslag	Ove Totland			ove_totland@hotmail.com
Samnanger historielag	Helge Hisdal			helge.hisdal@bkkfiber.no
Thomas Nordvik stiftinga	Hanne Y. Aadland			hanneyaadland@gmail.com
Frøylandsdal grendalag	Kate Hege Totland			Keto_totland@hotmail.com
Tveit ungdomslag	Roy Vegar Hope			tveit.ungdomslag@hotmail.no
I/S Vonheim	v/ Reidun Abotnes Fjellheimsvegen 14	5650	Tysse	
Sandvik grendalag	Rune Teige, Utskotvegen 231	5650	Tysse	<a href="mailto:hildejorgensen@hotmail.com">hildejorgensen@hotmail.com</a>
Urd ungdomslag	Håvard Lia			havard.andreas@kvamnet.no
Tysse velforeining	Margunn Lønnebakken, Fjellheimsvegen 15	5650	Tysse	
Samnanger mållag				
Eldrerådet				Postmottaket
Ungdomsrådet				<a href="mailto:Meline.Heimdal.Haugland@samnanger.kommune.no">Meline.Heimdal.Haugland@samnanger.kommune.no</a>
Råd for funksjonshemmede				Postmottaket
Samnanger barneskule				<a href="mailto:Vigdis.vikne@samnanger.kommune.no">Vigdis.vikne@samnanger.kommune.no</a>
Samnanger ungdomsskule				Bodil.H.Opstebo@samnanger.kommune.no
Kommunale barnehager				Anne.Fredriksen@barnehage.samnanger.no
Teknisk eining				Kenth.Paul.Opheim@samnanger.kommune.no
Teknisk utedrift				Endre.Kulleseid@samnanger.kommune.no

Aadland gards og friluftsbarneh age				<a href="mailto:ragnfridaao@hotmail.com">ragnfridaao@hotmail.com</a>
Statens vegvesen Region Vest				firmapost-vest@vegvesen.no
Bjørkheim Velforeining	Tone Tysseland			tone.tysseland@gmail.com
Lensmannen i Kvam og Samnanger				post.hordaland@politiet.no
Brannvesenet i Samnanger				<a href="mailto:bergen.brannvesen@bergen.kommune.no">bergen.brannvesen@bergen.kommune.no</a>
AMK- sentralen				Kirurgisk.serviceklinikk@helse-bergen.no
Posten				kundeservice@posten.no



---

## Informasjonsnotat / orientering

---

**Frå:**

Meline Heimdal Haugland

**DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN 2016  
FORDELING AV MIDLAR***Saknr/Journalnr*

16/240/16/1971/KUL/MEHH

*Arkivkode*

FE-233

*Dato:*

08.03.2016

**Fordeling av midlar**

Ut frå søknaden i 2015 er Samnanger kommune tildelt kr 35 000,- i tilskot til Den Kulturelle Spaserstokken frå Hordaland fylkeskommune for 2016. Kulturkontoret søkte om tilskot til følgjande tiltak:

- 1) ”Syng med oss” med musikkpedagog Anne-Lise Nesteby Tøsse
- 2) Kultur på institusjon, 2 hendingar pr halvår, 4 hendingar pr år
- 3) Kultur for heimebuande, 1 hending pr halvår, 2 hendingar pr år

I år dekkjer eining for kultur utgiftene for tiltak 1). Tildelinga på kr 35 000 er difor fordelt på 6 hendingar som tilseier kr 5 833 pr hending. Det er sett av kr 23 332 til tiltak 2).

Ut frå tidligare dialog med Eldrerådet om fordeling av midlar ser kulturkontoret det positivt om Eldrerådet disponerer midlane som er sett av til tiltak 3) som er kr 11 666. Føresetnaden er at det vert tilskipa éin hending pr halvår, og at hendinga er open for alle 70 år+.

Hendingane kan vera konsertar, teaterframsyning, føredrag, utstilling eller anna kulturformidling. Midlane kan til dømes nyttast i samband med markering av Eldredagen, i samarbeid/spleiselag med frivillige lag- og organisasjonar eller i samarbeid med kommunale einingar.

**Hordaland fylkeskommune sine vilkår for tilskot**

Tildelinga byggjer på følgjande føresetnader:

- Midlane skal nyttast innanfor føremålet med Den Kulturelle Spaserstokken som er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det kan utviklast gode kunst- og kulturprosjekt for eldre innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.
- Midlane skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.
- Tiltaka som får støtte skal vera gjennomførte innan 31. desember 2016.
- Tilskotet skal ikkje erstatta kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering.



- Det skal ikkje ytast tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling.

Ved annonsering av arrangement må det koma fram at det er gitt støtte frå Hordaland fylkeskommune gjennom tilskotsordninga Den kulturelle spaserstokken.

### **Rapport om bruk av midlar**

Innan 1. kvartal i 2017 skal kulturkontoret levera ein rapport med rekneskap til Hordaland fylkeskommune. Ber difor om at kulturkontoret får ei kort skriftleg skildring av korleis midlane er vorte nytta innan 31. januar 2017.

### **Informasjon om oversikt over aktivitetar på Samnangerheimen**

Til den nye Samnangerheimen opnar har me laga til eit program over hendingar som skjer på heimen i 2016 gjennom Den Kulturelle Spaserstokken.

I samband med dette har me også laga til eit ”tomt” program for all anna aktivitet og underhaldning som skjer på heimen i løpet av året: besøk av frivillige lag- og organisasjonar, kulturskuleelevar, barnehageborn, grunnskuleelevar, profesjonelle artistar, kulturformidlarar av forskjellig slag osv. For at bebuarar, slekt og venner, tilsette og andre skal kunna få ei grei oversikt over det som skal skje vil ein oppmoda til å skriva hendinga inn på lista (dato, klokkeslett, kven, kva, kor).



---

## Informasjonsnotat / orientering

---

**Frå:**

Tone Ramsli

**ELDRERÅDET 2015 - 2019 OPPGÅVER, MØTEPLAN M.M.***Saknr/Journalnr*  
16/436/16/3406/ASK/TR*Arkivkode*  
FE-033*Dato:*  
26.04.2016

I lov om eldreråd er det sagt dette om arbeidsoppgåvene til utvalet:

**§ 3. (Oppgåvene for kommunale eldreråd)**

Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen.

Alle saksdokumenta skal leggjast fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar sakene.

Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre.

Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i kommunen. Protokollen frå rådsmøtet skal fylgje saksdokumenta til dei kommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

0 Endra med lov 15 juni 2007 nr. 21.

I Samnanger har eldrerådet gitt uttale til årsbudsjettet og økonomiplan og elles gitt uttale i større kommunale plansaker. Einskilde år har eldrerådet vore aktiv i samband med eldredagen.

Eldrerådet har hatt i gjennomsnitt to-tre møte i året. Møtet knytt til budsjettet har vore etter at formannskapet har lagt fram si tilråding.

Det er ikkje sett av eigne midlar til arbeidet til eldrerådet. Godtgjersle m.m. vert handtert under felles budsjett for politisk arbeid.

Eldrerådet vert med dette utfordra på korleis dei ønsker å arbeida. Det bør og avklarast møtedag og tidspunkt. Møta i eldrerådet har vore på dagtid, dvs. starta rundt ca kl 13.00.